



ASPLAN VIAK AS AVD ÅL  
Sundrejordet 4  
3570 ÅL

Vår ref.: 2024/15986-5

Deres ref.:

Dato: 28.04.2025

## Ål kommune - Kleivi næringspark - Område NÆ02 - oversending av arkeologisk registreringsrapport

Me syner til dykkar varsel om oppstart av planarbeid i brev av 19.08.2024. Fylkeskommune stilte krav om arkeologisk registrering av det innmelde planområdet i vårt brev av 21.08.2024.

Denne uttalen tek kun opp tilhøvet til automatisk freda kulturminne.

### Funn av automatisk freda kulturminne

Kulturarv i Buskerud fylkeskommune har no gjennomført arkeologisk registrering av det planlagde reguleringsområdet. Me syner til vedlagte rapport.

Innafor planområdet vart det registrert to automatisk freda kolgropene, Id 324082 og 324083. Ei anna låg like utanfor plangrensa, og er ikkje i konflikt med planlagde tiltak (ID 324084). Kolframstillingsanlegg er automatisk freda kulturminne, jamfør kulturminnelova sin § 4. Alle automatisk freda kulturminne har i tillegg ei sikringssone på minimum 5 meter utanfor synleg ytterkant, jamfør § 6 i same lov.

Området er tenkt utnytta til nytt næringsareal, og kolgropene vil truleg derfor ikkje kunne vernast på ein meiningsfull måte i planområdet. Me har derfor, etter dialog med Asplan Viak AS, utført ei forenkla undersøking i ei av kolgropene – Id 324082. Kolgropa vart datert til å ha vore i bruk mellom 1266-1284 e. Kr., altså høgmellomalder.

Som avklart under vårt feltarbeid, og i tidlegare brev. Dersom enkeltminne må søkjast frigjevne for å få til ei utbygging, må dette gjerast gjennom offentleg høyring av reguleringsplan. Kulturminna må då teiknast som såkalla «bestemmelsesområde». I denne saka vil me først kunne ettersende formell dispensasjon jamfør kulturminnelova sin § 8, fjerde ledd når ein slik plan er på offentleg ettersyn. Det er fint om me kan ha dialog om eventuelle detaljer i forkant av dette dersom det er trong for det. I denne saka vil dette vera å rekne som ein formalitet ettersom undersøking er gjennomført i dialog med dykk under registreringa. Me vil kunne ettergi ein dispensasjon for begge kolgropene.

### KULTUR kulturarv

**Postadresse:** Postboks 3563, 3007 DRAMMEN  
**Besøksadresse:** Hauges gate 89, 3019 Drammen  
**Telefon:** 32 80 85 00

**E-post:** post@bfk.no  
**Internett:** [www.bfk.no](http://www.bfk.no)  
**Org.nr.:** 930580260

Dersom det er slik at planen vert fremma på ein slik måte at kulturminna likevel kan vernast i sine kulturmiljø, må me vurdere det. Dei kan ikkje vernast som punktvern i planen. Dersom kulturminna ikkje blir tatt omsyn til på ein tilfredsstillande måte, kan det ved offentleg ettersyn bli fremma motsegn til planforslaget.

Endeleg faktura for feltarbeidet vil bli sendt frå seksjon for feltarkeolog.

Venleg helsing

Håvard Hoftun  
Kst. seksjonsleder Seksjon for kulturarv, arkeologi

Vedlegg  
1              Rapport Kleivi næring

Kopi til:  
HOL KOMMUNE  
KULTURHISTORISK MUSEUM